D 00034

Ruske. S. L.

I.

# Dagbok

ført av

Odmund Aambakk

fra 10/7.30 til 15/11.30.

Østgrønland

No 1

05yy00973

6 Dagbok 1930 Sjur

For Aalesunds Grønlandsekspedisj.

Torsdag den 10/7 kl 15 Gjekk frao Sandøy laber Nordaustleg vind fint ver og klart Ingen king og sjaa afremt ein Ishavsfarer som gjekk sud og røyken av ein dampar vest i synsranden.

Fredag den 11/7 kl 22.30.
Nordleg bris med lit bau-sjø har siglt ut 180 N. mil, med denne fart ventar eg at me er ved Jan Mayen maandags kveld. Dei av den videnskabelige ekspedisjon deltagere er mykje sjøsjuke. elles alt med det gamle ... .

Lørdag den 12/7 kl 24
Har siglt ut 300 N mil austleg vind idag liteg, men skilna at ut paa dagen. Godt humør over heile skuta

Sundag den 13/7 Kl 24 1930 Juli

Ut gaat - 5 or M. nidi venter og vere
ved Jan Mayen imorgon i middags-
tidi. Peilte Janmein idag endra
kursen eit halvt strek vest ligger
litt skodde pent veir elles inkje

Mandag den 14/7 Kl 22,30

Kl 9 idag saag me Veslekari utfor
geofysen ca 1000 m fraa land.
Det fløt med mannskap var paa
besøk paa stasjonen. Det er fire
mann som tenestgjer paa geofysen
tvo telegrafister en kokk og en alt-
-muligmann. Desse fire mann skal
ha bytte no i juli benytta an-
ledninga og sende eit brev heim
til kona mi. Femti alke vart skotne
medan me laag ved Jan - det blei
sobein alke til middag i morgon og
det skal vera fine greier og kan hende
eit glas øl til. Kl 16 gjekk me fraa
Janmein og kursar no for Grønland

Juli

tvo aar og tvo maanar. ei liten
tidrøjende av ein mans liv kjem til og
gaa no fyr fangst turen er til ende
og vil vere me daa har gjort det
godt so me kan ta att det som har
vorte forsømd og [illegible] forti av natu-
rens goder. Det er langt fram, men ikkje
langt nokk.

Tysdag 15/7 — Kl 24

I dag har skodda legge som
eit slør kvilt oss ikkje so godt
som ein solstraale har vore og
set til oss no for eit augeblik
sidan letta ho og vart sikt bort
horisonten rundt. Ingen is og syna
endaa berre eit par lave fjelltoppar
kildrar upp langt nor i synsrandi
toppar som høyrer Grønland til
men um det er austanfor myggbukta eller vestanfor det
veit me ikkje endaa vil
kanskje det ikkje er so langt av
leid

Onsdag den 16/7 —

Vakna idag kl 1 5½ av ei ramling og donging som um dei var ifærd med aa brjóve skuta fram i ei Steinrøys, Men til min glede ~~[illegible]~~ fekk eg sjaa daa eg kom paa dekk at det inga steinrøys var, men is og til og med godt for-delt is og Veslekari dampa for fullfart in gjenom isen.

Leid til middag fekk me kjenning av landet, me var daa rett utfor Myggbukta. Isen er bekkare gjeng seint kvar det er tale um og snu utaver at daa dei ser betre for-delt is ~~[illegible]~~ lenger aust. Fekk ein bjørn men du skakkars bjørn eg hadde ikkje vilda vore i dit skinn for noken pris, som ein let skyna naar en sjå aatte fugle-utstyrpar og resten solaga og djupvanta



loddara stilla seg upp med gevær og dei andre alle ropar bjørn, bjørn skjyt, bjørn, ja, han maatte no daa gjera sitt freistnad for aa berga livet, men isen var for slakk for han. livet laut han late til slutt.

Torsdag den 17/7

Kom inn til Kapp Herdset idag kl 5. Flev fort paa land det meste av proviantten aat Røbekk og Andreasen som skal have sitt gamle fangstterreng igjen. Me fire som er at skal vest i Kong Oskar-fjord. ettu det me veit hittil

Fredag den 18/7 —

Ligger framleis paa Kapp Herdsd hev fört paa land resten av proviant og utstyret aat Røbekk og Andreasen

Juli

Lördag den 19/7

Ligger paa Kapphenddsel endaa. ~~ligg paa~~ Skal gaa austöver til Vallastone-forland eller med andre ord, aust um Stordelen eit styke, som ligger paa Vallastone-forland og henta noko fe-matrial, som vart paa land-sant der ifjor.

Sönday 20/7

Me kom idag t i middags tidi til den bestemte plass paa Vallastone-forlandt, men det viste seg at materialen i vinterens löpe var strödd utöver almark og sidan han tok til og falaase vart det iktje storre det anna me gjek lenger aust til gaasenes, og tömde der. Fekk der besök av tre danskar, som ligg paa Sabinne og Pendelum öyane. Tre timar seinare gjekk me vest över att og tömde ut for materialdungen.

Juli

i morgon blir det vel og frakte um bord, for leke paa vinterens ham idag han er nokso sur og kald.

Maandag 21/7

Ligger paa Kappehenddsel skal gaa her ifraa i morgon kl 4 til Krognes som ligge inni i Klaverings-fjorden. Me tok farvel med kameratane vore som skal ligge her me fink, vet ikkje nyt til neste daa i desse tider, alt med det gamle.

Tyrsdag 22/7

Klaverings-öya er ei stor öy, me hev gaat nesten skunt rundt, me ligger no paa nor sida av öya det so kalla „Reve" Det er eit sund millom Klaverings öya og fastlandet, men det er so grunt at det er sovidt

Juli

ein fering fleigt paa fleiol sjö
Ein mann med namn Henry
Rudi har over vintra her i
tvo aar, og det er no liksom
honom og hans fanget me skal
hente her, det er eit overlag
godt fangsterveng her etter mitt
skjyn so vaal graa-grodde vidder
med ei mengd med muskus dyr
og hare, aa eit fagre liv som
er vanskeleg og finne heime i
Norge. Me tok motor baaten og
köyrde inn i ein fjord, heilt i
botnen forresten var me, denne
fjorden skjer seg inn fraa Klavering
fjorden i N.V. og lenger inn
i N.N.V. det neset som deler
fjorden danna var me paa land
og saag oss um og gav det
namnet med det same det
vart soleis kartande Kap-Fostein
og fjorden Fostein fjord

Juli

og det fordi me rekna oss
tlag med dei paa som har
vore ibotnen i motor baat
kan hende er me dei fyrste.

Onsdag 23/7

Me ligger paa same plassen
endaa og vert vel liggande her
i morgon og. Eg var ein tur
iland idag saag paa huset aat
Rudi, og der vart me tracterte med
fersk röyr. sjö röyr kallar dei det
dei fek heime med not i elva-
osane og er nokso stor for röyr
og vera. Upp til tre kg har dei fiske
heime. Ho er plankt og velsmakande
Fint ver har me no og haft i dei
siste dagane.

Torsdag 24/7

Me kom til Krogness idag
i middagstida og me skal
ligge her ein par dagars tid
m/s Godt-haap den danske

Juli

grönlandk-ekspedition som ligger
inn fjorden höyre, og me fær
vel selskap av danskane imorgo.
Me skal taka umbord ein
man av Finn-devold sit mannsk.
som bev legge paa fangst i tvo
aar her. Vinter hamna hans [illegible] Neste
stoppe sted er ved Myggbukta.

Fredag 25/7

Det vart ikkje Myggbukta
men Lakseim-fjord neste stoppe
-sted. Me ligger ved ein par
km innan fjord-mündingen eller
so. Denne fjorden skjer seg paa
ca. ifraa Klaverings-fjord og ek sjö
otte mil lang. han er forholds
-vis smal denne fjorden berre ein
kilometer breid, og som ein daa
vit forstaa mykje straum
med tide-vatne renner inn
og ut

Juli

Laurdag 26/7

Me var idag paa fisketur
her ligger eit vatn paa N.V.
sidan aat fjorden rett ned for
Ulve-dalen, eit vatn, men lite
nesten som eit tjörn. Der var
mykje röye baade letanke röye
og raude röye. Me fekk 17 stykke
paa ei stund. Ho tek best paa
fluge naar det var ei lita vind
graale var det no endaa betre.
Brukte ei not og, men ho var
altfor primitiv, ho var for
djup og for kort. Me hadde
röye til middag idag, ho smakte
godt, imorgon skal me ha hare
til middag.

Söndag 27/7

Me gjekk her ifraa igaar
kveld og ligg paa Kidgnes
no var ein sving burt
aat Klaverings öya og sette

Juli

paa landt nokkre mann. Me
iblant Stob og Øyvin gekk so
til Krognes baatt, og her skal
me daa ligge til i morgon
kl 9. Eg vart hult over raska
idag, me fekk egg og flesk til
frukost det hev ikkje hent denne
turen fyr. Takket vere Ellingfarsett
han viste fraa gamal erfaring
kva som lønte seg best. Etter
avtale betalar me 4,50 kr pr dag
for kvar mann, men det må
hittil hev faat svara til halv-
parten. For tönner ur kom umbord
men kan er upproten. heldigvis
lig me upp under Grönland
og her er over flod av kjøt
Men Ellingfarsett hev atter
erverva seg nokkre kronne
paa ærleg vis?

Maandag 28/7 Juli

Gjekk fraa Krognes idag kl 10
Etter ein sving burt under Klav-
-erings öya kom me til Finsk öyane
utpaa etter middagen der som
Hird-ekspedisjonen forliste skuta
si i 1927 Skuta ligg nesten paa
turre landa, og nokso mykje med
likja. Dekket vender mot sjøen
og det er sovit ein smaabaat
flyt inn aat sida. Me henta
tvo parafinfat og noko blakk-
verk som var brukande. Gjekk derifraa til (Dan-mans öyra) som ligg
paa sudsida aat Klaverings öya
Det var her Eskimoane var sedde
sist her paa austsida. Og her er
det visst at dei hev døytt ut og
fraa alle gravene og dømme er de
ikkje utrulegt. Eg var uppe i ei gamal
og grov tenkte eg skulde finne ein
raritet og fann ogso og dei hev
og gjöymt til eit minne um
plassen.

Tysdag 29/7 Juli

Kom til Myggbukta kl 24, paa vegen hit fyste me nakn. og fotografeste me ein bjørn dei gjekk inn paa livet paa konan two gonge med skuta. Den Italiensk professor som er med var der med film apperatet ogso og filma han. No skal me ein tur iland paa besøk til Finn Devold. Bli ved her liggende nokkre dogar. Alt med det gamle.

Onsdag 30/7 –

Det var meininga at Kari skulde gaa til Kapp Humboldt ikveld Kl 24 og hente Halvard Devold og gaa til Myggbukta at, men ein time fyr me skulde gaa kom Halvard Devold pr motor baat Kjelbotn og Riiser var ogso med. Dei fortalde at fjorane vestanfor er ujamn-grunde og er far barr for isen sin del.

Torsdag 31/7 – August

Ligger framleles i Myggbukta skal antagelig gaa sørover i morgon. Det vart regn idag noko, som sjeldan forekjem, elles alt vel.

Fredag 1/8

Var ut til Kappbenet og skulde skifte muskus idag, men det vart heilt bomtur saag ikkji far etter han ein gong, men det er ikkji avgjort med det, kjøt skal eg ha og sende heim til henna Anna um so fam sprekke, Framleles fint ver og haape vil eg at det veldvarer.

Lørdag 2/8

Gjekk fraa Myggbukta Kl 18 idag til Kapp Humboldt paa Ymer-øya. kom her til Kl 24. Eg var ein tur iland og saag plan huset til Devold Strøm og Kjelbotn. Dei har eit bra hus, raud malla. med kvite glas fag. Velstelt

inne som ute  August 1930

Hadde ikkji rövetyera vore der, so kunde ein nesten tru det var ein stetter sløyfe me var komne paa istaden for ein fangsstasjon.

Sundag 3/8

Er no paa veg til mus-kus-okse-fjord. Satte paa land tre til stasjona aat arktisk næringsdrift i Franzjosefs fjord. Frisk sydvesteleg vind. Det er utan tvil lite is utanfor kysten her sidan kungalda gjeng inn alt vel

Maandag 4/8

me ligg no nett inne i muskusfjorden her sett paa land ein hovedstasjon til arktisk næringsdrift. Me prövde kapptek motorbaaten idag som me har kjöpt av Halvor Devold det er den eg og Karlsbakk skal ha han

August 1930

gjekk nokso bra forresten. Det snöa med i fjella idag ellers bra ver.

Tysdag 5/8

Gjekk idag kl 7 inni botnen paa fjorden skal halde kjelsjau her bli antageleg liggande her ein par dagar. Benytta derfor anledninga til aa skyte oss muskus. Der er vist ikkje muskus der vest som me skal paa land, so me sekna med det at det var best aa forsyne seg medan det var tid og anledning.

Onsdag 6/8

Idag har me store nesten heile dagen det var ein streit jobb aa bere kjöt inatt. me skaut 5 dyr, men det var nokso langt aa bere. Morgon skal me forsetje nestover.

August 1930

Torsdag 7/8 —

Idag kl 7 gjekk me fraa muskus-fjorden. Ut i mundingen stoppa me for og sletje kaalamotta. Dei hev nemleg teke med, desse videnskaps karane for aa undersøke um der finst fisk inne i fjordane, men dei fekk ingen ting her. Fekk sjaa ein bjørn som for skulande upp paa landa det tok til at han skulde vanne vegen. Hundane tok til gjøy daa dei fekk teften av han, attaat tok dei eit støt i fløyta, men han rusla vidare i uforstyrret ro. Er no paa veg til Ellasøy skal ta paa land ein bistasjon til artisknæringsdrift Eg er leid umbord i Kari no, vonar ikkje vika er umme at me er komne paa land med alt vaar spark Alt vel. fint ver

August 1930

Fredag 8/8 —

Hev idag vore inni Segelselsk-abs fjord ein fjord som skjær seg inn fraa K. Oskars fjord inst inne hev han tvo arma Alpe fjord og Forsblad fjord paa neset millom desse fjorane sette me paa land ein bistasjon, og ein lenger ute i fjorden. Det skal fint tel som fangst terreng berre det ikkje blir for mykje snø, det er Sulebakk og Røbekk som skal stasjonere her No skal me gaa til ankers for natten og sove lit. Fint ver. alt vel.

Lørdag 9/8 —

Hev faat paa land hovedstasjon til Sulebakk og Røbekk idag det var ein heil jobb det for berre fire mann, naarskapet var uppteke med aa skole bakksane. Gjeng no vidare vest yver, for me skal

legge paa land ein bistasjon
til idag fyr der gjeng til ankers
Sulalekka og Rombo er med for
aa sjaa kor dei skal leggast paa
land dei tvo neste bistasjonane
fordi det er deira tereng, Naar det
er gjort gjeng dei austover til
hovedstasjonen igjen og set upp
huset fyrst, det for aa faa
provianten i hus sosnart raad
er og for aa faa hus over hovud
som dei segjer; Det er framleles
fintver vonar det vil vedvare
altved.

Sundag 15/8

Etter at me hadde gaat ein
time sydover laat me stoppe for
isen, han laag so nær lande at det
var reisekapelt og gaa med skuta
tok derfor ein bistasjon i motorbaaten
og gjekk vidare sjølve la han
paa land eit stykke nor um

Menanders øyane paa eit nes der
kl. 7 seig isen sopass ifraa lande
at det vart au førselje sydover
I Mastersvik sette me paa land
ein bistasjon, det saag ut til aa
vera fint fangst tereng. Var inni
i Antarktisk hamn bestemt oss for
aa ha paa land hovedstasjonen
her, var eit stykke sydover so langt
me kom for isen og baag paa
terenge la paa land tvo bista-
sjona gjekk so til bake til
Artisk hamn og tømer.

Maandag 11/8 1930 —

Var ferdig i middags tidi med
før paa land greiene vore Tok
farvel med manskapet og ynkste dei
ei god heimferd og dei ynkste oss ein
god vinter. Eit drink med hume
og me stemde mod land og motan
Kari for dampande ut gjennom
isen tok me til aa byggje paa
huset baakt

August

Tyrsdag 12/8

Det gjeng fort med huset det er no nesten halv ferdig. Det er hvert fint ver slett eit ynske veir til aa byggja hus i. her er berre so kolasalt med mygg, det er nesten umaaleg aa berge seg, me lagde oss eit baal midt i tomtene, tenkte at det skulde hjelpe ein grand, men jammen var det lite. har no bestemt oss for aa arbeide berre med natta so skal me lure myggen alikevel

Onsdag 13/8

Det er utmerket aa ha natte-skift og arbeidet gjeng unda for unda men so arbeida me ogsa 18 timar i tungnet tek til i middags tidi og slutta kl 6 - 7 neste morgon huset er no ferdig, berre at pappe det utvendig Sove romet er avkommelt berre køyja

August

og bord, sam:eruggen, og ikkje aa forgloyme kamin fyren som ikkje er komen paa plass endaa. Det er godt aa ha eit telt i slike hove naar eg er vel komen ned i soveposen so sov eg som aldri før. har vore overskyet idag, men fint ver.

Torsdag 14/8

Har spikra pappe i heile dag um trent, men me laut slutte før me vart ferdig det vart so veikt pappe at kulden skal vente til i morgon med soli skine det er mykje bolegare daa, og ungjen er det for seg aa faa det so heilt paa same raad er det hen me nakke i igjen naar vinteren kjem

det er elles alt med det gamle.

August

Fredag 15/8

Ja, no staar det ikkje paa til aa vere enkaboar, komfyren er komen paa plass, og sidan me var brolause tok Karlsby og prøvde han med det same. Han steikte oss ei form kake som smakte godt kan du tru og no ikvelds hev eg bygd bröd dei fyrste i mitt liv vil haapa det ikkje vert ein fjasko. Det er ein liten fin stove me hev fatt oss upp, sove romet er 8 x 10 fot og skjaaen eller resten av huset som me skal ha proviantan i er 10 x 10. Dat saag lit hist ut med det same me kom paa land med ein dunge proviant og ein haug materiale og trebröd av line av. Men istad daa eg stod aa betrakta röykjen kor han kvirvla upp av skorsteinen

August

og for drivande undan vinden ned med markene nordover denne mile lange sletta som strekker seg fraa huset. fyrst kom det meg, som at det var eit heimfyrt hotel og stod aa betrakta, og me var [illegible] ane [illegible] fint ver.

Lördag 16/8.

Ja, det er laurdag idag ja, ser ikkje noko tekn som tyder paa det, me er desverre ikkje komne oss so pass iaarden endaa at me ser oss tid til slike huslege sysler, men berre vent-fa det vil seigge og steikte bröd idag og det gjekk over allforventning dei var med andre ord som bröd flest, godt steikte, og godt gjadde, Det kjenner eg for eg sit no aa smaka paa dei. Og eit gode

finst her i Antarktisk havn, som stadenheiten" som ikkji nokon har vist med sikkerheit før og det er at her er måsekür, og det i store flokkar. Det kan me segje er ein san velsignelse, Me gjekk aa tenkte før me kom hit at er her ikkji måsekür so bli det ein krasig vinter, men heldig-vis no er denne sorgi slökt.
Fint ver

Sündag 17/8

Me tenkte aa fa oss ein kvile dag i dag sidan det var sündag men han varde ikkje lenger en til middag, me fant paa og taka oss ein tür fram i igjenom dalen og sjaa oss lit ûm i terenge for hit til so har me ikkji kome hündrede meter ifraa hüset, men det vart ein lang tür det fekk me



føle naar me skulde til baka fram og til baka er like langt men det er eg ikkje einig i lenger. Der var ei gróde med her dalar som skjer seg fraa hovud dalen som me kalla öyja dalen fordi der er ei masse öyja som elva danna, og som her genn paa begge side ... Fyrste herdalen me trefte gjekk me fram igjenom solangt at me saag ned i K. Oskar fjord her var godt beite her som alle andre steder her ümkring og måsekür var her ogsa, me kalla denne dalen for måsekürdalen. Gjekk vidare üpp paa högste fjelltoppa som var naaeste for aa faa god ütsikt og det var sant me fekk ein större synsring enn me hadde venta saag syd i flemming inlet ein fjord som ligg fem seks mil lenger syd han var full av is

saag me Lette-upp ein varde ber det var vel fyrste gangen dette fjellet var besokt av mennesker vilde derfor sette eit spor etter oss. Det var kolosalt alt det tinda som stakk upp inn over landet den eine högre enn hin sume blaa og andre sne dekte av den blaa indlandsis. paa tilbake vega skaut me ein ragge bass (musukse) so fekk me pröve hundane med det same. Eg kan sikkert vitte sjorta mi av sveite so kan kan vere for varm til tinde bestigning her uppe og.

Maandag 18/8

Her sjaska og bore upp i huset alt som ikkje kan staa ute idag. her ogso laga til det me treng for ei aatte dages tid proviant verktöy



me her tenkt oss budoyer aa setje upp tvo bistasjona som me her liggande material til der. Vil haape at isen ikkje kjem til hinder. Kokte oss ein kongeleg middag i dag sosa kjöt og frukt suppe det er aatte dage sidan me forlet Kari og sidan det her me ikkje smakt det som kokt heite. tydeleg bris over skyet.

Tysdag 19/8

Me ligg no vell fyrst bistasjonen her ikkje gjeteldet navn endaa, men det skal kome seinare. Fekkhuset solangt at me skal ligge idet i natt. Sol og sommar her me endaa. alt vel.

Onsdag 20/8

I to tida vart me ferdig med huset. Me hadde tenkt

aa selje søyge neste bistasjonen med det same, sonn hadde vel lite material, so me laut tilbyake til hovedstasjonen og her er me no. Det ser ut til bli daarleg veir so det er best aa spasere til imorgo. Det regner og blaas enn heil det heldigvis her me tak over hauda og god fyr i ovnen og godt bluss paa lampa og daa kan elementene berre fare etter stormen kjem stilla.

Torsdag 21/8 —

Det er fremdeles daarleg veir so me heldt oss heima. Snøen her han lagt mikk ned i fjell-sidone, men ned i dalenane her det vorte tuppi regn so det er eit utpræget vestlandskveir, med andre ord eit godt ver aa vera inne i



Her gjorde me aa lagt loft og golv i skjaaar og lagt provianten paa sin respektive plass.

Fredag 22/8 —

Me hadde tenkt oss austover idag, men fjorden var so fullpakka av drivis at me beslutta aa venta ein dag til, sansynleg driv han ut alt, no naar veret gav seg. Det her forresten vore fint ver idag og ser ut til verte bra i morgon ogso. Her heldt paa med innredning idag her millom anna arbeidt kjøkkenbenk og kirja at er det berre bord og tvo stola so er huset i fuksius stand. Stova er so plaggande lett at naar me let at dyri lit fort so letta loftstuka seg tre fire tummar. Det er godt arbeid svinaktig godt.

August

Lördag 23/8

Me vart skuffa med vermaget til vera. det hev baade regna bleise i heile dag so det vart ingen utror av. Tog var ein tur med motor-baaten utpaa neset for aa spaa um det var fale um og smette seg vest med landa og isen, men daa eg var komen halvveis maatte eg snu det var slik vind skavl og baaten duttka som ein skav so eg fan det raadelegaste
No leid mot kvelden seig isen heilt inni botnen til oss so no er det ikkj fale um ag flate baat ein gang. Aa nei han lagde det slik at me fekk kvile oss út at men vil vone at vere beddra seg med det fyrste so me faar gjera det som nödvendigt er

August

Sundag 24/8 - 1931

Idag hev me hellig holde kvile dagen med rette. Kokte oss ein kongelig middag og atpaa kvilde me oss ein gjev middags lur. Tok ein tur langs med stranda saag paa rek ved og etter reve-spor no i kveld. Eg sag me var so langt út at me saag baade aust og vest i gjenom fjorden. Saag útfor at ein kunde koma vestaver men austaver var det ikkji fale um. Hev vore kra ver idag men ýver skýet

Maandag 25/8 —

Me gekk vestover ikveg til neset som Mustershvik hev funt húset so langt at me kokte kaffi paa ommen det er skjaaen det

og kappa huset dette er
min fyrste bustagar
og hust skalla og nygga at
etter min som Gjostein

Tysdag 26/8

Me vart ferdig med Gjostein
huset i middags tidi gjekk
dan vidare vestover til Lavågra
huset og her held me hus for
inatt Det er fint ver, litt regn
har det vore idag. Skaut ein
hare til hundeungane
det var vist ein god bit for
haren forsvant som dogg for
sol. Alt vel.

Onsdag 27/8

Det gekk fort ein byggja dette
huset for me brukte same
maalet som paa Gjosteinhuset
me var ferdig med huset til
middag. Vente mesten aa treffe



Sulabak og Robek her, for me fekk
dele hundeungane, skulde det
etter avtale, men det vart nokre
dagar forseinking med oss sidan
me ikkje kom oss austover fyrst
som meiningi var. Skreiv difor
ei lita beretning um kva me
hadde gjort og kvar me hadde
etla oss seinare som me la
iggjen i tilfelle dei skulde koma
hit med det fyrste Vel tilfreds
med arbeidet som var gjort og
helde med vera, kjøyrde me
austover iggjen. Kom her til
kl 18.5. Mildt ver, men litt
regn av og til. elles alt med
det gamle.

Torsdag 28/8

Me har helde oss heime idag
hadde tenkt oss austover aa byggje
siste huset med det same og
benytte dette gode veret. men me

kom til aa tenkje paa korleis det hadde vore og sett upp til gjere at hundane tor hadde me sloppe mykje bryderi, og me so gjere. og atatte reisi til imorgon, Karls-bakk lage gjere og eg har kokt av arbeidt ett bord o.l. Me hev flust med arbeid og dagane gjeng so fort at me tykkjer at me faar ikkje gjort noko Skaut ein sveda igaar paa heim-veg, og idag ein, me vil pröve aa beredna skinna seinare naar me fer tid. alt i sin gode gjenge

Fredag 27/8 –

Vi var paa veg austover idag, men kom ikkje lenger en der som Kari maatte snu. Ma rettar sakt der som malandet var paa land logde. fjorden var so pakkande full av is, at berre fraa fjöra sjö var det tale



um aa smika seg langs med landa. Det var ikkje stort meir enn me kom oss tilbake, so me byrjt noko tjaa i tida, det kan snart sette paa seg. Det tek til aa myrkne um kveldane no og dagane kortna Kl 21 er det so myrkt at me ser ikkje meir til aa gjera noko. Fint veir idag med solskin

Laurdag 28/8

Idag hev me arbeidt földe fleire stykke ialt. Vi gjer det paa fölgende maate Tek med det nödvendige verktöy og so gjeng me etter stranda aa arbeida folla av all brukande rekved og det er her velsigna mykje av, eg er sikker paa at berre her inne i Antiskhamn finst fleire hundrede lestelass daa med rekna god og daarleg, daarleg meina

den som ikkje er videre brennd
=vell i. Ifall veret er bra imorgon
skal me ein tur vest i store dalen
og sjaa oss um. Fint ver.

Sundag 3/8

Eg skadde meg ein bra snars
idag paa 11 timar var inni botnen
paa Kolledalen. Trudde sikkert
at denne dalen skulde gaa vest
til Mastersvik utan aa vera av
skoren. for han er so laag at
det er sovit elva som rette
vegen, men desverre der var nokk
botn, ikkje svart hoktt akurat
ck 20 m. gjekk difor uppa eidet
for det var nemleg som eit eid
paa lag, komen dit var det endaa
eit eid som stengde for synet
gjekk videre for no var eg sikker
paa at kom eg dit skulde eg sjaa
ned til Mastersvik for her var
spor i spor etter mussukussen



so eg var sikker paa dei hadde
avelgang her og eg fekk rett
naar eg kom burt paa dette eidet
saag eg burt i andre sida paa
vika. Overalt som me har
fare over er det svart berre
for mussukussen beire enn nokon
annan stad som eg har set.
Kvike var og blokketar og.
Speikande solskin idag

Maandag 4/9 1930

Har helde oss heime idag
gjorde og bore saman litt ved
og baka brød og anna med mine
husleg sysler, Har tenkt oss
ut atter i morgon ifall det er
same veret og isen tilater det.
Det er litt kaldare um nettene no
enn det har vore fyr mark i
er kvitt siden um morgonen
eller heile som me kalla det heime
elles alt med det gamle.

September

Tysdag 2/9 —

Desverre me kann ikkje austover idag heller, kom berre utfor neset eit stykke og lenger var flatt umuli "Spölle"- som det hadde vore slakk is (som det ikkje var for so pakka som fjorden no er, her kan ikkje vore sidan me kom her) hadde me ikkje kjøyrt lenger for skjel-isen for baaten stoppa upp rett som det var, der me trefte is etter tvo nåter. Det er lit for-klarleg for desse siste tvo dagane her det vore mesten heilt straumstillt, flod og fjøre har vore lite merkbar, og daa legge skjellisen seg snart berre det stil dit paa lykka som me seggjer.

Var aust over stranda og arbeidde folde ei stund, no i ettermiddag kom soleis over ein haug med timber, det hadde vore ein haug ein gong no var det uppgrøtt smuldra og gamma meir mark me saag det lit miskunkeleg sidan det laag solvarkt ifraa. Sjøen ok spora at me tok av undersøka det nöjare, fann kun ein stakk som bar seindaa merkje etter økse hugg og at det hadde vore eit hus eit timberhus som hadde vore nova og halvparten av underste kransen viste tydeleg kor huset hadde stått og at det hadde stede paa fire peler som var dreven ned i jordi serleg ein viste tydeleg teikn paa det for han var endaa lit kjølt fast med stein, men som fört er sakt, det var so gamalt og smuldra at andre spor var heilt utviska, berre ei rot som saag ut

til aa vore benytta som brygge-
-stabbe. Mon tru kva slags
menesker dette man vore? Kan
tenke ein ishavs tragedie i dei
tider dan seilskutone var benytta
som fangstfartøy

Onsdag 3/9 —

Det er lite som vert gjort
dei dagane me er heime
idfall vise det lite, me har
ovna uppi tit i tunen, det er
ikkji noko som er stygale al-
det ikkji er godt for noko
naar snøen legg seg, er det
godt aa vita kvar dei forskjellig
ting ligg eller stende, naar ein
skal bruke det. Det bli vist
veir forandring no, han har
skya so myttje upp, men det
er formildt til at det kan
verta snø endaa



Torsdag 4/9 —

Fekk besøk av 1 tvo rabbje tussa
idag, men dei likte vist ikkji
vaart naboskap dei stakk til
fjels med det same. Me var vest
i bukta og henta noko folke
medan det var flod, der er so
grunt ein flyt der ikkji andre
tider. Har byjynt aa emna paa
hundeslede, godt aa ha dei
ferdig i tide. Det var uppi
varmegrader idag so det er
ikkji daarleg veir me har
endaa. Men utanfor maa
det vere daarleg eller har vore
sidan baaira drag so godt-
endaa fjorden er fullt av
is.

Fredag 5/9 —

Me var stoll og bisa upp
noko rekved so han fal turke
seinare naar det bli før skal

me köyre det heim med hunda godt og ha litt attraat kolet, ellers so er det mest sirikring det gjeng paa. Fint ver.

Laurdag 6/9 —

Hev klöyvt uppi ein stor rekvedstokk til folde og i fyremiddag snikra eg ein grand, det er alt eg hev gjort idag. Karlsbakk hev hatt kokedag idag, vaska og skura so no ser stova ut som ei anna stove som er vaska og gjenta til helgi, og ei svar formkake ligg i dunnen det skal bli kaffi-bröd imorgon aalreint ellers alt med det gamle fint ver.

Sundag 7/9

Hev vore ein tur frami kolledalen idag att, og Karlsbakk hev vore uppaa fjellet skulde sjaa etter korleis det stilte seg med isen aust i fjorden, han er full av is frendeles so me kjem vist ikkje meir austyver isen. Eg kom fram paa tu vatn midt fram i dalen litt til vinstre for kollane hadde ellers tenkt meg fram paa eit eide som er lenger framme og til höyre for desse kollane og sjaa um det var saadeleg aa köyra over det og ned til Josteins huset paa andre sida ifall före ellers tilete det um vinteren men naar eg fekk augo paa vatni var det som bleast utav tankane eg tenkte med meg no skal du sjaa at det er fiske vatn du hev funne her so skulde det bli ein overraskelse til Karlsbakk, men nei eg gikk rundt alle vatni

September

ufan aa sjaa noko som helst
teikn paa at her var fisk i
dei. Grunnen er nok at dei er
for grunne, dei botnar frys um
vinteren og daa skal ein ikkje
venta at der er fisk heller.
Det leid lenskt paa dag daa
eg var ferdig med heim
kunder ikkelse snudde difor
heim att med uforettasoki
Tre varmegrader ikveld alt
som ellers.

Maandag 8/9 —

Me var ein tur vestover
med motorbaatar og la ut nokkre
folde, men det er ikkje lenge no
før skjelisen hindrar oss heilt
og bruka baat, me var heile tiet
paa Normeset risikerte ikkje aa gaa
lenger. det er betre og køyre dei
ut naar isen legg seg for godt
enn og ligge og klattre med

September

baat i. Skaut ein raggetass
idag. Fint ver

Tysdag 9/9

Det har vore min husflids dag
idag og millom maaltidene har
arbeidt paa hundesleden min
og turr paa kva tid eg faar han
ferdig for det er ikkje med meg
som med skomakeren at han bli
ved sin lest, nei eg maa ut-
rettsom det er og sjaa etter
snedt og ramn. Rammen
skyt eg paa um det er aldri
so lengt, han blir so skrekki
dei gongane han flyg forbi
at han gløymer aa bruka
begge vengjene. Karlebek har
reparert ein slede og arbeidt
ei hundepiske. Fint ver

September

Onsdag 10/9 1930

Her reparert ein gamal
hundesleda so no har me
kvar sin til aa begynde med
Me fekk sjaa ein kvitrev
idag han er aat og pelsa seg
allereide og det er bra, kaldt berre
tidi vore koma daa me faar
begynde aa fanga. Karlsbakk
har vore kokk idag innmorgan
er det eg igjen. Det er eit hendels
for eit fint ver, eg er nesten
leid av det, den eine dagen er so
lik den andre, med umsyn
til veret, som tvo dropar vatn
Um kveldane les me til spela
gramofon og syng attaat, reven
hoppa ved Uttefot over
tyngje, og til kveldsbön bruka
me eit par skrönor

September

Torsdag 11/9 1930

Det er aat og minka med
arbeid no. det er dei nyje hundesleda-
ne me pjaska med, her spekka nokkre
snadde skin og laga eit hunde kü
aat ein av hundane, og so har
eg vore kokk. elles alt med
det gamle. Fint ver.

Fredag 12/9

Det har snöa med i fjelli idag
so det vart ver byje likevel
til vind ogso antageleg vestavind
men her inne i Antarktiskhavn
kasta han fraa alle kanta so
me er like vise kva slags
vind det er. Her arbeidt eit
hunde kü til. Porat, Karlsbakk
har baka bröd og kokt

September 1920

Laurdag 13/9

Inatt hadde det snöa so pass at markerne var kvite heldt ned i fjöra, men det er vist berre som ei paaminnung at han ber meir au taka av for idag har det vore vekslande bris og overskyet. Derfor fikk vi halde oss inne idag og styrdt med hyaam andtarbeid.

Sundag 14/9

Vekslande bris med solskin. Snöen har braana ned i dalane so no er det snöfrit igjen berre uppi fjellsidone ligg han som för. Hadde kjötkaker til middag og ein lur etter paa Skal desse gode dagane vare noko lengd tru me til aa bli klatöse dei veit for snart Tror kulda gratten ikveld

